

## Høyringsuttale frå Havbruksgruppa i Hyllestad kommune

Hyllestad Næringsråd har som ledd i næringsutviklingsarbeidet i kommunen oppretta ulike arbeidsgrupper med mål om å skape utvikling og aktivitet i regionen. Havbruksgruppa består av selskap som er involvert i havbruk enten som matprodusent eller leverandørar.


Gruppa er leia av Asbjørn Dyrkorn Løland som er utdanna fiskehelsebiolog ved Universitetet i Bergen og dagleg leiari i Akvahub AS. Gruppa har følgjande kommentar til Salbu Produksjon AS sitt prosjekt:

Høyringsuttalelsen er basert på potensielle biologiske og miljømessige konsekvensar, samt sett frå eit næringsutviklingsperspektiv.

Regulering av Ramsgrøvatnet har slik vi ser det ingen negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet i området. Tvert om vil reguleringa medføre at periodar med låg vasstand fell bort, noko som kan medføre forbetra økologisk tilstand i vassføringa. Ål er identifisert som einaste raudelista art og det skal iverksetjast tiltak som gjer det mogeleg for ålen å følgje sitt naturlege vandringsmønster.

Når det gjeld mogeleg oppvandringsløp for anadrom fisk nedstraums for vassinntaket til settefiskanlegget vil vi fråråde å etablere oppvandingsløp grunna auka risiko for smittespreiing. Det ligg fleire matfisklokalitetar i området (figur 1) og det kan tenkjast at smittestoff kan følgje med villfisk opp i vassdraget forbi vassinntaket til settefiskanlegget. Dette vil medføre betydeleg auka risiko for smitte og sjukdomsutvikling i anlegget.

Figur 1. Lokalitetsoversikt i nærområdet



Strekka Kviadammen til sjøen kan derimot få auka biologisk mangfold ved etablering av biotopjusterande tiltak slik som overvintringskulp og nybygde gyteplassar. Dette er gode tiltak, men det vert desto viktigare å sikre at der ikkje er oppvandring frå dette området og forbi vassinntaket til smoltanlegget.

Samla sett kan reguleringa medføre positive ringverknader for det økologiske tilstanden i vassdraget, men også i næringssamanheng. Anlegget vil medføre kompetansearbeidsplassar til kommunen og potensielt auka aktivitet hjá service- og leverandørnæringa.

Havbruksgruppa ser positivt på etableringar og anmodar positiv behandling av søknaden.

På vegne av Havbruksgruppa i Hyllestad kommune,



---

Asbjørn Dykorn Løland, M.Sc Aquamedicine  
Dagleg leiar, Akvahub AS